

Kyrkje og kultur i Sirdal



**En sirdøl fra
Krakow**

Side 4-5

**Landet der alt
vart mørkt**

Side 6-7

Kultursider

Side 18-24

Andakt

Se – noe nytt spirer fram

“Dere skal ikke minnes de første ting, ikke tenke på det som hendte før.

Se, jeg gjør noe nytt. Nå spirer det fram.”

Jes 43,18 – 19.

Vi har akkurat feiret påske og gledet oss over påskebudskapet med Jesu lidelse, død og oppstandelse – Jesus lever. Mange har kost seg med skiturer over hvite vidder, eller slappet av i solveggen med Kvikk-Lunsj, appelsin og kakao. Kapittel 43 hos profeten Jesaja handler om Guds grenseløse nåde. Det er trøsten-de ord om Herren som skaper og forløser. Her er ikke tale om fortjeneste, Gud er grenseløs i sin omsorg, kjærlighet og tilgivelse.

Se noe nytt spirer fram. Det gav meg assosiasjoner til den årstiden vi er inne i nå, våren.

Vi lengter etter at nytt liv skal spire fram, og mange gleder seg til å ta fram hageutstyr. Det skal ryddes, alt gammelt løv og kvister skal vekk for å gi plass til nye skudd. Vi venter på de første spirer av krokus, påskeliljer og tulipaner. Naturen og skaperverket er et under.

I en kjent vårsalme står det slik i 2. vers: *“Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord og atter som ei under nytt liv av daude gror.”*

Som våren kommer med nye spirer og nytt liv skaper, Gud noe nytt i våre hjerter. **Vi kan bare ta imot og takke.**

2 Kor 5, 17: *“Den som er i Kristus er en ny skapning. Det gamle er borte, se det nye livet er blitt til.”*

Ruth Lillian Hompland

Kva vil vi og kva ønskjer du?

Dette er sjette utgåva av bladet. Kva vil vi med det?

Tanken har vore å skapa eit blad til glede og nytte for folk i Sirdal, eit blad med så stor verdi at ein tek vare på

det, ved å hengja det på kjøkkentavla eller la det liggja lett tilgjengeleg ein stad, slik at ein kan ta det fram når ein lurar på kva tid det eine og andre innan kyrkje og kultur i Sirdal skal gå føre seg.

Vi ønskjer å gje informasjon om korleis vi kan bidra til eit betre miljø. Vi vil byggja bru-er mellom innflyttarar frå andre land og sirdølar ved å presentera nokre av dei her i bladet og gje litt informasjon om tilhøva i landa dei kjem frå. Vidare vil vi gjerne presentera andre land og

utfordringane deira gjennom arbeid som nokre av våre eigne er med på. Serien om gardsnamn i Sirdal er meint til å gjera oss betre kjent i bygda vår.



I det heile ønskjer vi at bladet gjennom kjennskap til det som skjer i Sirdal innan både kyrkje og kultur skal bidra til at folk nyttar seg av dei mange tilbo- da og tek del i arrange- ment og ulikt arbeid.

Vi trur ikkje at vi sjølve har einerett på gode tankar og idear til stoff i bladet og spør difor; kva ønskjer du? Ta kontakt med ein av oss i redaksjonsnemnda om du har ein god ide eller godt stoff. Vi ønskjer korte og gode innslag gjerne med bilete.

Lars Audun Fodstad

Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 1/2013

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kom- mune, eining for kultur og fritid.

Fire utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven- Egil Testad og Per Øistein Rogstad.

Noahs ark-sidene: Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonsar:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Øksendal (Sven-Egil Testad)

Trykk: Birkeland Trykkeri

Misjonsmarknad på Tonstad

Fredag 26.april skal Tonstad Yngres arrangere Misjonstorg på bedehuset. Då inviterar me alle til å kome. Me held på frå kl 17-19.

Her kan du få vaska bilen (bilete t.h. ver frå i fjor, kjøpa noko å bita i, kjøpa massasje, ein vits, ta lodd på lykkehjul og ganske sikkert blir det fleire oppfinnsame måtar å samla inn pengar til misjonen på.

Ta med deg pengar og kom! Pengane går til Barnas misjonsprosjekt for NLM. Les meir om yngres på side 9.

Inger Solveig Haugdom



Miljøtipset: Elsykkel

Når vårsola varmar og vegane vert bare for is, byrjar det å krible i mange sykkelbein, men tanken på bratte bakkar er for mange nok til at ein tek bilen og let sykkelen stå i garasjen. Løysinga er elektrisk.

Det har dei siste åra stadig vorte fleire elsyklar tilgjengeleg på den norske marknaden. Modellutvalet er breitt. Alt frå klassiske damesyklar til ulike

variantar av terreng- og hybridsyklar. Prisen ligg gjerne ein stad mellom ti og tjue tusen kroner. Ein elsykkel ser ut og fungerer som ein vanleg sykkel. Ein må, som på syklar elles, sykle for å få framdrift. Inni kranken ligg det ein liten elektrisk hjelpemotor som gjev ekstra kraft når ein trør. Sykkelopplevinga kan kanskje best skildrast som ei kjensle av å sykle i konstant medvind. Oppoverbakkane går leikande lett. Ein kan sjølv justere kor mykje hjelp ein vil ha frå den elektris-

ke motoren. Ein kan også slå den av og sykle utan. Dette gjev stor fridom. Bratte bakkar er ikkje lenger ei hindring. Ein kan sykle der ein vil. Ein kan sykle på jobb utan å verte sveitt og ta heimturen som trening. Ein kan fortsetje å sykle som pensjonist. Den helsegevinsten gjer kanskje til og med at ein får leve - og sykle - enda litt lenger!

Sven Sandvik


Frå storbyen Krakow til rolege Ousdal

- Integrering skjer begge vegar, eg deltok i kulturlivet her, og vart kjend med folk på den måten. Dette seier Anna Ousdal f. Gadomska, som kjem frå storbyen Krakow i Polen, og som no er busett på Ousdal med mann og barn.

Ein må sjølv vera aktiv for å verta integrert. Anna Gadomska, som ho heitte inntil nyleg, kom frå Krakow til Sirdal for seks år sidan. Ein ganske stor overgong skulle ein tru. Krakow er den nest største byen i Polen med nærare 800.000 innbyggjarar.

Integrering begge vegar

- Integrering skjer begge vegar, eg deltok i kulturlivet her, og vart kjend



Kyrkje og kultur i Sirdal 4

med folk på den måten. Eg kjende meg godt motteken, også før eg vart kjend med Jøren-Ola, fortel den polske tilflyttaren.

Det er triveleg å vitja Anna heime i Ousdal, der ho bur saman med Jøren-Ola og dottera deira Grete Marie på 14 månadar. Ho pratar kvikt og uansett strengt på godt norsk.

Lærte norsk i møte med folk

- Eg gjekk litt på norskundervisning, men eg lærde mest i den første jobben min. Eg var kyrkjetenar på Tonstad, og eg måtte snakke norsk både med kjekke kollegaer på kyrkjekontoret og i møte med folket eg møtte. Slik kom eg igong.

Anna er utdanna sivilingeniør frå Universitetet i Krakow, og fekk etterkvart jobb som geolog i i Sira-Kvina. Også der valde ho norsk som arbeids-språk. Ho trur det var lettare for ho å lære norsk, sidan ho kunne tysk frå før, og ikkje berre polsk.

T.v. Grete Marie er ei smilande jente på 14 månadar. Foto: Privat



Anna les gjerne bøker med dottera Grete Marie. Foto: Privat

Glad i sirdalsnaturen

Anna har i løpet av dei seks åra i Sirdal lært seg å bli glad i både folk og natur.

- Naturen er vakker heile året. Sjølv om eg vaks opp i storby, var familien min aktive på turar, eg likar å sykla, og vinterstid drog me til Zakopane og brukte alpinski. Langrenn har eg lært

meg i Sirdal, og her i Ousdal er tilhøva gode for langrennski. Me trivst med turar heile året, fortel Anna.

Held kontakten med familien

Ho er tydeleg på at ho også synes det er viktig å reise og sjå andre stader.

- No når me har fått Grete Marie er det viktig for oss å ha mykje kontakt med foreldra mine i Krakow. Ho skal få møte dei fleire gonger i året. Flyturen tek berre eit par timar, så dei kjem hit også.

Kvalitetstid

Den fornøgde veslejenta smiler og pratar med heile kroppen. Ho viser leikene og tek stadig fleire steg på eiga hand. Mora syns omsorg for barnet er viktig, og er svært glad for at Noreg har så mange lovfesta rettar som gjeld barnet sin oppvekst. Som småbarnsmor er ho oppteken av at barn treng både tid og kvalitetsinnhald i det daglege livet. For å understreka det, viser Grete Marie fram bøkene sine og «fortel» om dyr, ho kan alt lydane til mange av dei.

Jobb i Karttenester

No har Anna jobb i Karttjenester AS. Det gjev mulighet for å arbeida heimifrå, og leggja opp arbeidsdagen litt etter Grete Marie sine soveøkter, og på kveldstid når far er heime. Anna er glad i arbeidet sitt og kjenner det også er viktig for henne. Vi pratar også om det å bu på ein liten stad, og Anna resonnerer klokt omkring det .



Anna og Jøren-Ola med dottera Grete Marie heime på Ousdal.

Foto: Solbjørg Tjørhom

- Menneska er viktigast og det er vårt eige val kva verdiar vi legg vekt på.

Når eg forlet Anna, skin sola over heile Ousdal, og over menneska inni husa.

Solbjørg Tjørhom

Landet der alt vart mørkt

På kort tid endra det gjestmilde og harmoniske Mali seg til å bli heim for terroristar og narkotikasmuglarar. Idyllisk solnedgang vart til langvarig krig.

Klokka er fem. Sola har vore oppe i tolv timar, og gradestokken sneik seg over 40 grader i dag og. Sola er no på veg ned i horisonten, og eg tek turen ut av det vesle huset mitt. På baksida av huset beiter geita mi, Lobben. Han er klar for dagens løpetur. Som alltid, når sola er på veg ned i horisonten, slepp eg laus geita. Minareten ropar ut bønner, eg tek turen bort til vaktmannen sitt hus og slappar av i ein stol i skuggen. Vinden bles svakt over huda mi, Lobben leikar med naboborna og vaktmannen spanderer te.

Ein springande kviting

Minna er mange frå tida mi i Mali. For akkurat to år sidan var klokka fem ei heilag tid på dagen for meg. Av og til tok eg meg ein joggetur saman med nokre av venene mine. Anten sprang me opp på fjellet bak byen, og såg gjetargutane trekkje innover mot landsbyen med dyra sine før det vart mørkt. Eller så sprang me til «Den



IDYLLISK: Svolt, naud og fattigdom er ofte ord som nyttast for å forklare korleis Mali er. Men Mali er like mykje flott natur, eit gjestmildt folk og spennande historie.

daude kamel», eit kamelkadaver nokre kilometer utanfor landsbyen, der me snudde og jogga heim att. På joggeturen var det mange som helsa, lo og smilte. Både fordi det var uvanleg med ein kviting som sprang langs vegen. Men også fordi det er slik dei gjer det i Mali. Dei helsar på kvarandre. Dei set pris på kvarandre. Og eg set pris på dei.

Krigen i Libya

Nettopp difor har dei siste åra, etter at eg kom heim frå Mali i mai 2011,

vore vanskelege. Problema har aldri tatt slutt, og det heile toppa seg med ein militær intervensjon frå Frankrike. Dei siste månadane av året mitt i Mali fekk borgarkrigen i Libya stor internasjonal merksemd. Mali og Libya deler ikkje grenser, men dei ligg ved kysten av det som vert kalla Afrikas største sjø, Sahara.

Maliarar frå den nomadiske stammen, Tuaregane, deltok på Muammar al-Gaddafi si side i Libya-krigen, og då dei etter kvart tapte, så reiste dei heim att til Mali med moderne krigs-

utstyr. Litt etter litt etablerte dei eit angrep mot den maliske hær, og dei kravde sjølvstende for sin eigen stat, Azawad. Hæren kollapsa etter kort tid, og i hovudstaden Bamako skjedde eit statskupp der den populære presidenten Amadou Toumani Touré vart kasta.

Islamistane okkuperte Douentza

I månadane som følgde vart by etter by okkupert av tuaregane og etter kvart også av islamistar som nytta seg av maktvakuemet i Nord-Mali. Min maliske heimby, Douentza, vert også okkupert av islamistane. Sharia-lov, kvinner i burka og forbod mot TV og fotball er berre noko av det innbyggjarane må finne seg i. Fridomen eg kjente då eg kunne jogge inn i solnedgangen, eller gå i fred rundt på søndagsmarknaden i Douentza er borte.

Eit land med store utfordringar

Men det maliske folket var ikkje borte. Det var berre eit teppe av vald, svolt og narkotikatransport som hadde lagt seg over Nord-Mali. Då franske og afrikanske styrkar rykka inn i landsby etter landsby i byrjinga av 2013, vart dei møtt med jubel. Rundt 95 prosent av det maliske folk er muslimar, men berre ein liten promille av innbyggjarane støtta islamistane.

LYS FRAMTID: Sola er på veg opp att over Mali. Ei lang tid med konflikt er over, og det maliske folk går ei lysare tid i møte.

Ein ung stat, med svake institusjonar og dårleg militært forsvar treng ikkje møte på mykje motstand før den berømte dråpa får det til å renne over. Mali er framleis eit land med store utfordringar, der al-Qaida har gått frå å drive krig til å starte med sjølv-mordsbombing og annan terror i Nord-Mali. Kvardagen i Mali har endra seg, frå å vere eit land med politisk, demokratisk og økonomisk framgang, til å bli eit land som nok ei gong møter motstand i form av svolt, krig og dårleg handel. No er målet å få bort det siste av uro som framleis er å finne i Nord-Mali, stabilisere tryggingssituasjonen og på ny byggje landet. Etter ei ekstra lang mørketid er sola på veg opp att over Mali.

Vegard Tjørhom

Fakta om Mali

(tilsvarande tal frå Noreg i parentes)



Hovudstad: Bamako

Innbyggjartal: Ca.

16 millionar (ca. 5 millionar)

Areal: 1.240.000 kvadratkilometer
(390.000 kvadratkilometer)

Lese- og skriveugleik: ca. 40% (99 %)

Forventa levealder (2010): 50 år (80 år)

Plassering på SN sin levekårsindeks, 2012: 182 av 186 (1.plass)

Plassering - levekårsindeks, 2011: 175 av 186 (1.plass).

(Kjelde: Wikipedia.org)

Vegard er 25 år, frå Tjørhom
Har studert statsvitskap og fransk.
Jobbar for tida som praktikant i NRK.
Jobba som eittåring for Det Norske
Misjonsselskap i Douentza, Mali i
2010/2011.



Sindre Eide i Hong Kong

Vår tidligare sokneprest Sindre og kona Estrid vart pensjonistar i fjor sommar. Dei har sidan 1.august vore seniorvoluntørar for Areopagos som vertskap på Tao Fong Shan Christian Center i Hong Kong og skal vera der til juni i år. Dei har ein blogg der dei som vil kan gå inn og gjera seg meir kjende med verksemda og dagane deira dette siste året. Adressa til bloggen er: <http://www.sinstrid.blogspot.com>.

Her følgjer eit klipp frå eit av dei siste innlegga på bloggen:

PÅSKEN 2013 I HONG KONG



Påskeværet er ikke like stort samtale-emne her som i Norge. Det er jo flott å ha godt vær og godt skiføre på påskefjellet - noe som ryktene forteller at hele Sør-Norge har opplevd i år. I Hong Kong har vi så vidt sett solen. Påskeuken har vært preget av tåke og kraftig monsunregn - men heldigvis gode temperaturer, over 20 grader (pluss!) hver dag. Gudstjenestelivet på Tao Fong Shan foregår både inne i kirken vår, Christ Temple - og uten-dørs.

Kyrkje og kultur i Sirdal 8

Langfredag fulgte vi Jesu lidelseshistorie i en korsvandring hvor deler av påskeberetningen ble lest på forskjellige stasjoner.

Her (nedenfor) er vi på den femte stasjonen hvor teksten fra Johannes evangeliet 19,1-3 blir lest: *Pilatus grep nå Jesus og lot ham bli pisket. Soldatene flettet en krone av torner og satte den på hodet hans, og de la en purpurkappe om ham. Så trådte de fram for ham og sa: «Vær hilset, jødernes konge!» Og de slo ham i ansiktet.*



Langfredagsvandringen ble avsluttet inne i kirken. Korset ble båret inn - og dekket til med et sort gravklede, mens prest og menighet leste dialogen:

P: Behold, the life-giving cross, on which is placed the salvation of the world.

(Se, det livgivende kors - hvor verdens frelse er å finne.)

C: In our sorrow, let us give thanks for this great mystery.

(La oss i vår sorg, være takknemlige for dette store mysterium.)

Mens det ble slått på Tao Fong Shans gamle kirkeklokke, gikk menigheten i stillhet og ettertanke ut av kirken.

PÅSKEMORGEN møttes vi i kirken igjen, allerede ved daggry, kl. 05.45! Her hilste vi hverandre med den gamle påkehilsenen:

P: Christ is risen! (Kristus er oppstand-
en!)

C: Christ is indeed risen! (Kristus er
sannelig oppstanden!)

P: O death, where is your victory? (O
død, hvor er din seier?)

C: O death, where is your sting? (O
død, hvor er din brodd?)

P: Let us sing praises to God. (La oss
lovsynge Gud)

C: Let us sing praises to the Lord of
Life. (La oss lovprise livets Gud)

Under jublende salmesang ble grav-
kledet tatt bort fra korset - og hele
menigheten gikk i prosesjon ned til
Tao Fong Shans store kors. Her feiret
vi nattverd og ønsket hverandre Guds
fred og velsignet påske!

Sindre avsluttet samlingen nede ved
korset ved å spille *Deg være ære, Her-
re over dødens makt* på trompeten.

Deretter gikk hele menigheten til fel-
les påskefrokost med blant annet
Estrids nystekte vafler, dansk blåbær-
syltetøy og norsk geitost.

Kristus er oppstanden! Han er sanne-
lig oppstanden!



**GOD PÅSKE-
TID med
livskrefter
og håp øns-
kes dere
alle,
fra Estrid og
Sindre**

VM i pappskiflyging



*I mars arrangerte Tonstad
yngres VM i pappskiflyging i
Kulturhuset. DetDeltakarane
viste stor entusiasme.*

Kvar fredag samlas ein stor og flott
gjeng til Yngres. Her er born frå
5.klasse og oppover. Nokre gonger
samlas med på bedehuset, men vi
har og hatt treff på Feed, i gymsalen
på Tonstadli, heime hos nokon, i
Tonstadbadet og på bakeriet.
Kvar gong har vi andakt og song, og
ulike aktivitetar. Konkursar, leik,
lagekveldar osv. Ein fredag i mars
møttes me i festsalen på kulturhuset
til VM i pappskiflyvning. Her laga alle

Yngres-deltakarane kvar sin papp-
hopp, og så hadde me to rundar
med hopp.

Det var spenning heilt til siste slutt,
og Kjetil Ovedal stakk av med seia-
ren. God stemning!

Inger Solveig Høyland





Noahs ark

Hei!

Kjenner du at det er vår? Dagane er lysare, hestehoven tittar fram og bjørka får små grønne blad. Heile naturen vitnar om nytt liv som spirer fram etter den lange vinteren. Britt G. Hallqvist har skrive dette fine vârdiktet:

Hyasinter

I høst la jeg løker.

Hyasintløker.

Nå venter jeg på at de skal blomstre.

De andres hyasinter blomstrer alt.

Bare ikke mine!

"Skynd dere nå, hyasinter!" sier jeg.

Men det nytter ikke.

Jeg kan ikke få dem til å blomstre.

Hvem kan det?

Ragnhild Maria og Inger Solveig



TRYLLESHOW PÅ ELIAS-TUNET!

Laurdag 4.mai kl.13.00

arrangerer Syskenringen Sprell levande-samling på Eliastunet. Me får besøk av tryllekunstnar Ruben Gazki som kombinerer trylling, sjonglering, humor og vitnesbyrd på nytenkjande og spennande vis. Ta med deg grillmat og drikke og kom!

Kl 14.30 same dag er det tryllekurs med Ruben for 5.-7. klasse på Tonstad bedehus. Påmelding til Inger Solveig Høyland innan 26.april

Mob: 952 02 865

Tårnagenthelg for 3.klassingar i Tonstad kyrkje 27.-28.april



Kyrkja i Sirdal inviterer 3.klassingane ved Tonstad skule til å vere Tårnagentar i Tonstad kyrkje den 27.-28.april. Gjennom helga skal vi løyse oppdrag og mysterium og utforske kyrkja, tårnet og klokkene.

Me skal vere i lag laurdag ettermiddag og sundag formiddag, men drar heim for å sove. I fjor dukka det opp eit skikkeleg mysterium som agentane måtte hjelpe oss å løyse, i tillegg til fleire agentoppdrag. Egil politi kom og delte gode agent-tips, eg trur nok han dukkar opp i år også! Tårnagent-helga vert avslutta med ei flott gudsteneste sundag formiddag kl.11. Tårnagentane vil vere med og visa fram nokre av oppdraga sine. håpar både barnefamiliar og andre finn vegen til kyrkja då!



HOSIANNA-STEMNING I BARNEHAGEN!

Torsdag før palmehelga var vi så heldige at vi fekk treffe alle borna i Tonstad barnehage og alle i 1.-7.klasse på Tonstad skule. Me fekk vera med på samling i barnehagen, og leika oss gjennom påskedagane med "palmegreiner", Hosianna-song og fotvasking. Fyrst med dei minste borna og sidan med dei største. Seinare på dagen kom skuleborna til Tonstad kyrkje og deltok med flott song, lesing og dans på skulegudsteneste. På bilete nede til høgre ser de 2.klasse som hadde laga tulipanar til kyrkja og song "Dine hender er fulle av blomster". Takk for at me fekk vere med på påskeførebuingar i lag med dykk!



Den nye kyrkjevevja

Henning Huseby Jansen heiter den nye kyrkjevevja i Sirdal. Han starta opp i arbeidet rett etter påske.

Henning er fødd på Borhaug på Lista. Barneskoa trødde han på strendene ved Lista Fyr. Husebynamnet har han etter mora, og som mange veit, var Huseby ein av kongsgardane til Harald Hårfagre.

Henning var ferdig med teologi-studiet i 1992. Fyrste tenesta hadde han som feltprest ved GSV, Garnisonen i Sør-Varanger. Det vart eit par spennande år ved grensa mot Russland.

Prest i Heddal

Fyrste sivile pretestillinga hadde han i Heddal/Gransherad frå 1994 til 1999 som kapellan. Han hadde ansvaret for ungdomsarbeidet og for konfirmantane. Det var eit krevjande arbeid sidan det er tre sokn der, Heddal, Gransherad, og Lisleherad. Mange ungdommar der tenkjer han med glede attende på.

Skulelag og sjømannskyrkje

Etter åra i Heddal, flytte familien til Farsund. Her var det skipa til ei ny Kyrkje og kultur i Sirdal 12



Familien Huseby Jansen på Den himmelske freds plass i Beijing i påska i år. Fra v: Henning, Jonas (14), Maria (19), Eline (17) og Ellen Marit. Foto: Privat

stilling som skulelagsarbeidar i halv stilling og den andre halvdel i Farsund kyrkjelyd. Arbeidet i skulelaga gjorde at han fleire gonger kom til Sirdal og blei kjendt her. Henning hadde permisjon eitt år, og då var han dagleg leiar ved sjømannskyrkja på Mallorca. Fleire somrar har han vore

vikar ved sjømannskyrkjene, mellom anna på Gran Canaria.

Likar folka her

Det var fleire grunnar til at han søkte stillinga som kyrkjevevje. I tillegg til skulelagsarbeidet, der han vart kjendt med ungdomane, har han han vore



Henning Huseby Jansen ser fram til bli å arbeide som kirkeverge i Sirdal.

Foto: Per Øistein Rogstad

mange gonger på kyrkjekontoret, og likar folka her oppe! Dessutan likar han å køyra bil, så den dryge timen bak rattet gjer berre godt. I stillinga er det også ein dag med heimekontor.

Ikkje redd for pendlinga

Henning har kona Ellen Marit, og borna Maria 19 år, Eline 17, og Jonas 14 år. Det var positivt samråd i familien om å ta mot stillinga trass i pendlinga. La oss hugsa på Henning og familien hans i bønene våre. Så ynskjer me deg, Henning, hjarteleg velkomen til Sirdal. Me gler oss til å bli meir kjent med deg. Så skal du også vita at det er mange opne heimar og armar her!

Sven-Egil Testad

Gardsnamn i Sirdal: Feed



Denne gong er turen kome til gardsnamnet Feed. Skrivemåten har variert frå «Fitt» i 1611 til «Fet» i 1905.

Namnet kjem av det gamalnorske «Fit» som tyder «Frodig grasslette langs elv eller vatn».

Garden er nok ganske gamal, men blei truleg fråflytta under svartedauen som så mange andre gardar, men busett på nytt ca. år 1600. Han eller ho som laga gardsrimet ser

ut til å ha ein liten agg til folket der. Høyr berre:

*«Dei Fed heve nok ved,
konne vel brukt det bede»*

Steinar Tjomlid

Foto: Gunstein Feed

Mange på påskefestane



Sundag 7. april var det påskefest både i Tonstad og i Kvævemoen. Ein flott gjeng med tre- og fire-åringer fekk bok.

Klokka 11 vart Tonstad kyrkje fylt opp av store og små, som var klar for Påskefest. Det vart ei fin gudsteneste med flott barnekorsang, nydeleg song av Cantarellene sjølv om berre to av



dei kunne møte opp. To blei døypt og heile 19 born møtte opp for å få bok. Klokka 17 var det tid for Påskefest i Kvævemoen kapell. Her kom ni flotte born for å få bok, og alle hadde med seg fine hender dei hadde teikna og klypt ut. Mykje folk møtte opp her også. Du kan sjå fleire bilete på www.sirdal.kyrkja.no

Inger Solveig Haugom

Takk til våre støtteannonsører

Coop Marked Tonstad

Tonstadv 27, 4440 Tonstad,
tlf 38370123
E-post: tonstad@marked.coop.no

Fjellbutikken AS

Suleskard, 4443 Tjørhom, 38370010
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

Fokus Næringsselskap

E-post: post@fokus.naeringsselskap.no
www.fokus.naeringsselskap.no

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, 38371241
E-post: joker.sinnes@ngbutikk.net

Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no
www.infoskjermen.no

Omlidbutikken AS

Omlid, 4440 Tonstad, tlf 38371857

Partner Tre AS, Tonstad

4440 Tonstad, Tlf: 45217642
E-post: bestilling.tonstad@partner-tre.no
www.Partner-tre.no

Sageneset feriesenter a/s

Nesset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: feriesenter@sageneset.no
www.sageneset.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
www.sirakvina.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,
www.srlag.no

Sparebank 1 SR-Bank

Pb 24, 4441 Tonstad, tlf 02002
tom.leif.rusdal@sr-bank.no/
astri.ousdal@sr-bank.no. www.sr-bank.no

Tonstad Bakeri

Tonstadvegen, 4440 Tonstad, tlf 38370114,
E-post: bagaren@online.no

Tonstad Foto og Papir

Josdalsv 2, 4440 Tonstad
tlf 38370455, e-post: tonfot@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
Tlf 38377480 Mob. 918 61 534
E-post: post@tonstadli.no
www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Ådneram, 4443 Tjørhom, Mob 99441144
E-post: post@aadneram.skitrekk.no
www.Aadneram.skitrekk.no

Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

**Vakttelefon
489 55 200**

Eilif Sandvand Galdal
91880109
Oddvard Galdal
95974136

www.listerbegravelse.no



Nærbutikken, Tonstad



**Tonstad Autosenter
Statoilservice, Tonstad
Åpent hver dag til kl 22.00**

**Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
38370142**



Tonstad

**Best på
bilvask**



**4440 Tonstad
Tlf 383 70048**

Sirdal Håndlaft

**Håndlafta hytter og anneks
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære**

**Oftedal, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)**



**E-post:
post@oftnb.no**

Flekkefjord og Treland Begravelses- byrå

**Kenneth Trælandshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700**

**Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt**

**SKRIFTHUGGER
kommer til kirkegårdene
hver vår**

**Haughom, Tonstad, Lunde
og Kvævemoen**

*Navnetilføyer, oppfriskning av
gravmonumenter, omslipinger
utføres på stedet*

**Ring for info og bestilling snarest.
Johan Egeland, Kvinesdal
Tlf: 901 07 649**

Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25
Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad
www.sirdal.kyrkja.no

Telefon:38371600

Telefaks:38371601

Sokneprest Sigurd Flydal:

prest@sirdal.kyrkja.no/45248536

Kyrkjevevjerje Henning Huseby Jansen:

hhj@sirdal.kyrkja.no/97633127

Kyrkjelydsarbeidar Ragnhild Maria Sandvik

rms@sirdal.kyrkja.no/93652713

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland

ish@sirdal.kyrkja.no/95202865

Organist James Reed

jr@sirdal.kyrkja.no/96833050

Tonstad kyrkje

Tone Marit Bjørnstad, kyrkjetenar og reinhaldar

Lunde kyrkje, Kvævemoen og Haughom kapell

Karl Edvald Fjeldsaa, kyrkjetenar

Dah May Htoo, reinhaldar, Haughom kapell

Gunn Siri Ousdal, reinhaldar, Lunde kyrkje

Katarzyna Kazimera Sochacka, reinhaldar, Kvævemoen kapell

Sirdal sokneråd

Inger Johanne Ousdal, leiar, tlf 98692473

Arnhild Bjørndal, nestleiar

Johannes Tjørhom Hompland

Svein Arnfinn Hompland

Kent Henrik Seland

Velaug Ådneram.

1. Vara: Ingunn B. Tonstad

2. Vara: Solveig Haughom

Slekters gang

DØYPTE

Haughom kapell

6.1 Amanda Testad Vargas

Kvævemoen kapell

16.2 Tuva Myhre

Tonstad Kyrkje

31.3 Sondre Tjørhom

7.4 Maiken Ræg Haukelid

Vilja Dalsbotten Josdal

GRAVFERDAR

Haughom kapell

5.4 Gunn Hilde Øksendal

Tonstad kyrkje

26.2 Karsten Selmer Lindeland

15.4 Hilda Tonstad

Lunde kyrkje

12.3 Per Tjørhom

Søgne kyrkje (gravlagt på Skeihaugen)

26.3 Anton Samuel Fintland

BANKEN

Kvinesdal Sparebank

Dine drømmer
Vår utfordring



Du får fordeler
i BANKEN
du ikke får
i noen
annen bank



Telefon: 95 91 08 84
kvinesdalsparebank.no

Tveit og Tjomlid

Alt i graving, sprenging og
massetransport.

Oftedal, 4440 Tonstad

mob 915 13 408

E-post: post@oftnb.no



Svegeskogen 7,
4400 Flekkefjord
Telefon 38 32 60 00
firmapost@felektro.no
www.felektro.no



FLEKKEFJORD ELEKTRO AS


elektroinstallasjoner

▶ datanettverk ▶ telefoni ▶ alarmer



KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

Velkomen til Kyrkje



28.april kl 11.00

5.sundag i påsketida

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste

Tårnagentar

*Offer til Vest Agder søndagsko-
lekrets*

Laurdag 4.mai kl 13.00

Eliastunet

Familiesamling med

Tryllekunstneren Ruben Gazki

Fellesarrangement

Ta med grillmat

5.mai kl 11.00

Kvævemoen kapell

Gudsteneste med nattverd.

*Offer til Vest Agder søndagsko-
lekrets*

9.mai kl 11.00

Kristi himmelfartsdag

Steiane, Hompland

Friluftsgudsteneste

Offer til NKSS, Laget

17.mai kl 10.00

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste

Barnekor og Cantarellene

Offer til Redd Barna

19.mai kl 11.00

Pinsedag

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Offer til NMS prosjekt

20.mai kl 11.00

2.pinsedag

Fiellmuseet

Friluftsgudsteneste

*Offer til Normisjonens prosjekt
i Aserbadsjan*

26.mai kl 18.00

Treeiningssundag

Tonstad kyrkje

Samtalegudsteneste

Offer til IKO

**Konfirmantfest på kulturhu-
set. Alle velkomne**

2. juni kl 11.00

2.sundag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste

Offer til kyrkjelydsarbeidet

9.juni kl 11.00

3.sundag i treeiningstida

Lunde kyrkje

Konfirmasjonsgudsteneste

Offer til kyrkjelydsarbeidet

16.juni kl 11.00

4. sundag i treeiningstida

Haughom kapell

Blomstergudsteneste

Offer til Tonstadli

30.juni kl 11.00

Aposteldagen

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Offer til KFUK KFUM

30.juni kl 17.00

Aposteldagen

Kvævemoen kapell

Gudsteneste med nattverd.

*Offer til Normisjonprosjektet i
Aserbajdsjan.*

14.juli kl 19.00

8.sundag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd

Offer til sørlandske indremisjon

28. juli 12.30

10. sundag i treeiningstida

Kvinen

Friluftsgudsteneste

Felles avgang fra Donsen i

Solheimsdalen kl 09.30.

04. august kl 11.00

11. sundag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.

4.august kl 19.00

11. sundag i treeiningstida

Kvævemoen kapell

Gudsteneste med nattverd.

18.august kl 11.00

13. sundag i treeiningstida

Haughom kapell

Gudsteneste med nattverd.

25. august kl 11.00

14. sundag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Høgmesse m/nattverd

50-års konfirmantjubileum

Offer til Misjonshøgskolen

8. september kl 11.00

16. sundag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste med nattverd.

15. september kl 11.00

17. sundag i treeiningstida

Lunde kyrkje

Gudsteneste med nattverd.



Kultur

KALENDER



www.sirdal.kommune.no

Tlf. 38 37 90 00

TORS DAG 25. APRIL:

VÅRSPRELL MED SMOK

ELEVkonSERT SIRDAL KULTURSKULE
SIRDAL KULTURHUS KL. 18:00
ENTRÉ: FRI

FREDAG 26. APRIL:

VÅRFEST MED HISTORIELAGET

SIRDAL KULTURHUS KL. 19:00
ENTRÉ: 100

LAURDAG 27. APRIL:

TOUR DE SIRDAL

MEIR INFO: WWW.TOURDESIRDAL.COM

LAURDAG 4. MAI:

SPRELL LEVANDE

FAMILIEARRANGEMENT
ELIASTUNET KL. 14:00 / TA MED GRILLMAT
ARRANGØR: SYSKENRINGEN I SIRDAL

MAI (DATO IKKJE FASTSATT):

FORFATTERFOREDRAG MED LINE BAUGSTØ

SIRDAL FOLKEBIBLIOTEK, TONSTAD

FREDAG 17. MAI:

FEIRING AV NASJONALDAGEN

TONSTAD, SINNES OG ØKSENDAL

MÅNDAG 20. MAI:

FRILUFTSGUDSTENESTE

SIRDAL FJELLMUSEUM KL. 11:00

23 - 26 MAI + 14 - 16 JUNI:

FITCAMP PÅ SAGENESET

FOR DEG SOM ELSKAR FYSISK AKTIVITET OG
NYE UTFORDRINGER
MEIR INFO PÅ: WWW.FITCAMP.NO

LAURDAG 1. JUNI:

AVDUKING AV NY MINNEPLATE OG KULTURVANDRING

OPPMØTE LUNDE KL. 13:30 / ELLER AVGANG
FRÅ ELIASTUNET MED TURISTEN KL. 13:00

TORS DAG 13. JUNI:

KONSERT MED LØVLANDS ALLE

SIRDAL KULTURHUS KL. 20:00
ENTRÉ: 200

SUNDAG 16. JUNI:

BLOMSTERGUDSTENESTE

HAUGHOM KAPELL KL. 11:00. TA MED BLOMSTER

ONSDAG 19. JUNI:

SOMMERFEST PÅ SIRDALSHEIMEN

SANSEHAGEN, SIRDALSHEIMEN KL 17:00
PÅMELDING TIL DAGSENTERET INNAN 12. JUNI

SOMMARTIDER PÅ BIBLIOTEKET

SINNES FILIAL ER STENGTT I SOMMARFERIEN
BIBLIOTEKET PÅ TONSTAD HAR FØLGJANDE
OPNINGSTIDER (29. APRIL - 30. AUGUST):

MÅNDAG	11:00 - 16:00
TYSDAG	11:00 - 16:00
ONSDAG	11:00 - 16:00
FREDAG	09:00 - 16:00

GUIDA TURAR PÅ SIRDALSVATNET OG RUNDT ØKSENDALSTJØDNA

SOMMAREN 2013 VERT TURANE ARRANGERT
F.O.M. 3. JULI - T.O.M. 31. JULI.

ONSDAGAR KL 12:00 FRÅ ELIASTUNET

SIRDAL KOMMUNALE KINO:

SJÅ VÅR INTERNETTSIDE FOR KINOPROGRAM
I SOMMER: WWW.FILMWEB.NO/SIRDALKINO

TONSTADBADET:

TONSTADBADET ER STENGTT I SOMMARFERIEN.
FØLG OSS PÅ FACEBOOK

TURISTINFORMASJON:

SJÅ MEIR INFORMASJON PÅ KOMMUNEN
SI INTERNETTSIDE

SIRDAL KOMMUNE - EINING FOR KULTUR OG FRITID - RÅDHUSET - 4440 TONSTAD - www.sirdal.kommune.no

KONSERT MED LØVLANDS ALLÉ

TORSDAG 13. JUNI KL. 20:00
SIRDAL KULTURHUS

Mange kjenner allereie godt til evjegotane i *Løvlands allé* - men no får de sjansen til å bli endå betre kjend med dei.

Torsdag 13. juni kjem dei til Sirdal for å halde konsert og syne fram den nye musikkvideoen sin.

Løvlands allé er eit band som kan plasserast innanfor den norske visepoptradisjonen, og tekstane deira handlar om både dei små og store forteljingar frå livet. Dei er ofte spelt på NRK radio, og dei mest kjende songane er "Naken" og "Riket i to".

Bandet består av Tor Egil Vaule Andersen og Sanjin Kazagic. Dei har begge fleire år bak seg som artistar, og har spelt saman i ulike band og prosjekt fram til 2009 då dei gav ut sin første Ep med tittelen *Løvlands allé*.

Billett kan kjøpast på internettsida til kommunen eller på Servicetorget 38 37 90 70



GUIDA TURAR: SIRDALSVATNET OG ØKSENDAL



Guida turar på Sirdalsvatnet kor ein ser nærare på den rike kulturhistoria som fins i området.

Turen går med båt frå Tonstad til Haughom. Her blir det retur i veteranbussen "Turisten" - inkludert ein tur rundt Øksendalstjødna. Turen er på om lag 3 timar.

Sommaren 2013 vert turane arrangert kvar onsdag kl. 12:00 f.o.m. 3. juli - t.o.m. 31. juli.

Avreise er frå Eliastunet, og billett kan kjøpast ved Turistinformasjonen.

Vel møtt til ei spennande oppleving!



Musikkvideo: Den fyrste musikkvideoen til *Løvlands allé*, vart filma i Setesdal og Sirdal (i hovudsak langs Brokke-Suleskarvegen) gjennom eit heilt år. Det er ei flott reise gjennom spektakulær natur med skiftande årstider langs vegen.

Tittelen er "Riket i to", og mange kjenner den nok allereie veldig godt frå NRK Radio.

Musikkvideo kan de sjå på nett. Den vert òg vist for publikum på stor-skjerm i kulturhuset som ein del av konserten den 13. juni.

KUNSTUTSTILLING KUNSTNERE FOR KENYA

SIRDAL KULTURHUS
SIRDAL FJELLMUSEUM

Kunstnarar frå heile landet har donert bilete-kunst til inntekt for ARC-Aid sitt arbeid i Kenya. I juli vert det utstilling av desse bileta i Sirdal og ein vil invitere alle til å vitja utstillinga for ei flott kunstopleving og kanskje de ender opp med å kjøpe eit måleri? Inntekt frå eventuelle sal går til drift av barneprosjektet ARO Child Care i landsbyområdet Majiwa, i Vest-Kenya. Prosjektet rettar seg mot foreldreause born og tilbyr utdanning og helsetenester. Prosjektet arbeider òg med å fremja borns rettigheitar i Kenya.



KUNSTNERE FOR
KENYA

Sirdal har hatt ei viktig rolle som støttespelar for arbeidet til ARC-Aid, og ein kan nesten seie at det var her i Sirdal at det heile starta - med ein kulturkveld i kulturhuset i 1986 - kor det vart arrangert ei liknande innsamling.

Denne gong delar ein utstillinga i to delar, der nokre av bileta vil vera i kulturhuset på Tonstad og nokre på fjellmuseet på Kvæven. Utstillinga skal vera open for publikum i juli månad, og nærare informasjon om opningstider vert annonsert på kommunen si heimeside og på plakatar.

Dette er eit flott høve for bedrifter i Sirdal til å støtte eit godt formål samstundes som de kan gjera arbeidsplassen meir triveleg med ny utsmykking.




MINNEMARKERING PÅ LUNDE

Laurdag 1. juni vert det avduking av ny minneplate og informasjonsskilt knytt til Flyulykka i Lundeheia i 1946.

Etterpå vert det **Kulturvandring** på Lunde med *Naturlos* Steinar Tjomlid, og ein skal bli betre kjend med kulturminne og segn som er knytt til denne grenda.

Avgang frå Eliastunet på Tonstad med veteranbussen Turisten kl. 13:00. De kan òg møte opp på Lunde (utanfor kyrkja) kl. 13:30. Ein oppmodar alle til å ta med nistepakke då det vert nistepause undervegs i vandringa.




FORFATTERFOREDRAG MED LINE BAUGSTØ

I 2013 er det 100 år sidan fire stortingsmenn frå Vest-Agder la fram det endelege forslag til vedtak i Stortinget som enstemmig ga lik stemmerett for kvinner og menn i Noreg.

Camilla Collett er ei av fire historiske norske kvinner som er vald ut til å feiras nasjonalt. I samband med hennar 200 årsdag vart det lansert ein ny biografi om henne frå forfattaren Line Baugstø.

I mai kjem Baugstø til Sirdal for å halde foredrag om Camilla Collett. Nærare dato og tidspunkt for dette vert annonsert på kommunen si heimeside samt biblioteket. Alle er vel møtt!



Forfatter Line Baugstø

ATEKST PÅ BIBLIOTEKET!

Dette er ei nyhetsteneste som publikum kan få tilgang til via biblioteket sine PC'ar. Dette er Noregs største digitale avisarkiv. Vel møtt til avislesing hos oss!



PÅ KVÆVEN HAR ME HATT EIN SVÆRT FLOTT VINTERSESONG I ÅR! Ei HELSING FRÅ MUSEUMSLEIAR




Vinterseongen er avviklet og sommeren forberedes.

Det fine og stabile været de siste månedene gjorde sitt til at vi fikk en bra sesong med besøk av mange skientusiaster. Vi hadde kafédrift hver helg fra romjula til og med vinterferien. Det var Nina Ousdal m/fl som stod for dette, og inntekten gikk til hennes engasjement i Tanzania. Hun driver der Bahati House, et familiehjem med for tiden 8 foreldreløse barn.



Etter et opphold videreførte Fjellmuseet en enkel kafédrift i egen regi. Både i helgene og ellers får vi veldig gode tilbakemeldinger på at det er godt å komme inn og sitte ned litt før eller etter en tur i løypene. Foreldre forteller også at det er bra for barna å kunne lokke med et mål for turen. Og etter endt etappe smaker lappene spesielt godt! I tillegg kan en da ta en titt innom museet og på div. håndarbeid som lokale produsenter har utstilt for salg.

I påsken hadde også 3 kunstnere fra Rogaland en salgsutstilling her. Dette var Eli Horpestad og Iljen Leiros Fredheim med billedkunst og Pam Canner med skulpturer. Kombinasjonen billedkunst og skulptur var veldig vellykket! Det var mange som stoppet bare for å se på utstillingen. Museet vil gi en stor takk til kunstnerne for godt samarbeid. Fremover holder Fjellmuseet og turistinformasjonen bare åpent i ukedagene og nå forberedes sommersesongen.



På museet blir det gjort noen endringer, panoramafilmen blir en del av den faste utstillingen. Vi gleder oss til dette er på plass og tenker at dette vil være til glede også for fastboende, hytteturister og veifarende! Hvis alt går etter planen får også ute-området et nytt tilskudd. Et kvernhus skal komme på plass, det er en dugnadsgjeng fra blant annet fjellgolfklubben som står for dette. Vi vil markere dette med en offisiell åpning når bygget står klart. Vel møtt til Kvæven, hilsen fra oss på Turistinformasjonen og Fjellmuseet.

VÅRSPRELL MED SIRDAL KULTURSKULE SIRDAL KULTURHUS

Framføring frå elevar frå SMoK (Sirdal Kulturskule). Elevane syner kor langt dei har kome i året som har gått. Publikum får sjå unge og talentfulle sirdølar på scenen innan ulike sjanger som song, dans, band, kunst m.m. Det vert pause i programmet med servering av mat og kaffi. Alle er vel møtt!



ANNA INFORMASJON LAG & FOREININGAR

Ein vil oppmode lag & foreiningar til å sende inn informasjon om ulike arrangement i eigen regi. Me tek det gjerne med på Kultursidene i Kyrkje og Kultur. Me kan òg leggja det ut på kommunen si internettside - slik får de god marknadsføring av aktivitetar og arrangement. Send informasjon til: gko@sirdal.kommune.no

SIRDAL HISTORIE - OG KULTURVERNLAG

**Fredag 26. april er det Vårfest
i kulturhuset (festsalen) med
historielaget.
Arrangementet er kl. 19:00.**

**Jostein Berglyd vert med, han
er kjend for grundige bøker
om krigen i Dalane og på
Jæren.**

**Entré kr. 100
Alle er vel møtt!**



FEIRING AV NASJONALDAGEN

SIRDAL KOMMUNE

I vår langstrakte kommune har me 3 ulike 17. mai komitear som alle gjør ein god jobb for å lage til ei flott ramme kring feiringa av nasjonaldagen 2013. Dei ønskjer alle vel møtt til å feire dagen, sjå program nedanfor.

TONSTAD

- 08.00 Flagghelsing - korpset spelar
09:00 Markering v/minnestøtta på Stranda
 helsing v/Tore Haugdom
10:00 Festgudsteneste i Tonstad kyrkje
11:00 17. mai toget startar frå kyrkja
 Appell ved Sirdalsheimen
 v/ Hilde Vaiva Tonstad

Sirdal kulturhus:

- 12:00 Korpset spelar
 Orientering om dagens program
12:30 · 13:30 Leikar for born
13:00 · 14:00 Natursti for heile familien
13:45 Song og musikk v/ Søskenringen
14:30 Innslag v/Sirdal Kulturskule (SMoK)
15:00 Tale for dagen
 v/Anders Mathias Larsen
15:30 Leikar for ungdom og vaksne
16:30 Premieutdeling
16:45 Ungdomsfilm

Konferansier for dagen: Kjell Hergot
Tonstad Idrettslag sel grillmat, is, brus,
pølser, kaffi og kaker.

SINNES

- 10:00 Andakt v/Olav Heggdal
10:30 Natursti og leikar
12:00 Lapskaus og kaker
13:00 17. mai tog
14:00 Tale for dagen

- 18:00 Familiefest

ØKSENDAL

- 13:30 Samling på Øksendal Grendehus

Lapskaus, kaffi, brus og kaker.
Leikar for born og vaksne.
Natursti.
Sal av pølser, brus og is.

*Entré: Dette vert annonsert i eige program
som kjem i posten før 17. mai.*

- 19:00 Grillsamling på Øksendal Grendehus
 med song og musikk.
 Ta med grillmat. Alle vel møtt!

UNGDOMMENS KULTUR- MØNSTRING (UKM)

LARS TEK EIT TILBAKEBLIKK



Lars arbeidar på kulturkontoret. Han har ansvar for Fritidsklubben og UKM og har vore ein pådrivar for Ungdomsavdelinga på biblioteket og er vår ekspert på facebook. Lars er saksbehandlar for m.a. tildeling av KIF-tilskot. Lars arbeider elles med kino og Tonstadbadet.

Når dette blir lest har UKM sin fylkesmønstring i Buen kulturhus blitt arrangert og også dette året var Sirdal godt representert med unge talenter. Det er ikke annet enn imponerende at en såpass liten kommune år etter år klarer å bidra med så mye flott innenfor det utvidede kulturbegrepet.

I mine år som arrangør av lokalmønstringen har jeg sett innslag som spenner fra klassisk piano-spill, magedans og til ekstrem metal. Det samme kan sies om all den flotte kunsten som stilles ut, her finnes det alt fra flotte tegninger til store skulpturer.

Sett i forhold til innbyggertallet til Sirdal så "knuser" vi også de nærliggende kommunene i forhold til påmeldte deltakere og det er også noe vi må være stolte av og ikke minst fortsette med. I år hadde vi også deltakere fra Kvinesdal kommune med på lokalmønstringen i Sirdal og jeg håper og tror det var en fin erfaring for alle parter at vi fikk litt variasjon utover kommunegrensene med tanke på hva som rører seg av kulturell aktivitet blant denne aldersgruppen.



Jeg tror at en viktig faktor i forhold til at vi har så mange unge kunstner-talenter i Sirdal er at vi har en flott kulturskole med mange dyktige lærere som er flinke til å engasjere elevene noe som igjen gjenspeiles i antallet som melder seg på UKM. Det samme kan sies om de som nødvendigvis ikke er elever på kulturskolen. Her er det kanskje foreldre eller eldre søsken som inspirerer og det er jo like flott det.

Avslutningsvis vil jeg si at jeg håper og tror Sirdal vil fortsette å markere seg som en kommune som får frem unge talenter innen kunst og kultur. Vi har jo en flott tradisjon for akkurat det og det ser ut som at den vil fortsette noe jeg er veldig takknemlig for. - Lars Sigbjørn Nedland





Frå fotograf T. Dahl si skattekiste:

Det er fleire bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til.
Kjenner du att personane på desse bileta, eller har du anna informasjon?

Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret, tlf.: **38 37 90 70** eller sende ein
E-post til: **gko@sirdal.kommune.no**



Fotograf T. Dahl
Tønnes Andreas Jonassen
Øksendal (1884 - 1979)

Han var sjølvlærd som fotograf.
Mykje av utstyret til framkalling
og kopiering laga han sjølv.
Den store samlinga av fotografi
inneheld m.a. portrett, veg-
arbeid, bryllaup og gravferd.